

# Halling- lom



Lagblad for Hallinglaget - i Oslo -  
- N.R. 2/19 -

# **INNHOLD**

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Bildeside</b>	<b>side</b>	<b>5</b>
<b>Dansing denne våren</b>	<b>side</b>	<b>6</b>
<b>Hallingbu, hytta vår</b>	<b>side</b>	<b>10</b>
<b>Program for hausten</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Helgekurset i haust</b>	<b>side</b>	<b>13</b>
<b>Hallinglagsnytt</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Biен, blomen og bonden</b>	<b>side</b>	<b>17</b>
<b>Minikurs i hallingspringar</b>	<b>side</b>	<b>19</b>
<b>Infoside om Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>20</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>22</b>

## Fyriord

Hausten 2019 er i gang! Det blir sikkert mange gleder og ein del utfordringar denne hausten også. Styret i Hallinglaget går laus på hausten med gode øvingar, godt minikurs og ikkje minst sitt årlege Helgekurs. Dette er slik som tradisjonen er, me vil fortsetja med det som går bra og prøve å gjera det enno betre. Ikkje noko gler Styret meir enn at folk kjem på tilskipingane våre.

Vårsemesteret kulminerte med dansen i Ekebergåsen, ei tilskiping som vart svært vellukka, takka være at folk møtte opp og dei trugande værmeldingane ikkje slo til. Været vart bra, det vart ein fin lys vårveld av dei sjeldne, som førte til glede og gode bilete av dei som var med. Nokre av bileta er tatt med i denne avisa, og fleire vil sikkert kome etter kvart. Takka vere Bjørn Aasheim si utrettelege innsats vart det mykje PR ut av denne hendinga i Ekebergåsen. Det vart artiklar i mange blad og aviser, til døme fine artiklar i bladet Folkemusikk og Norsk Ungdom og avisa Nordstrand Blad. Og på Facebook kokte det, og me som var med syntest det var moro å danse ute i fint vårvêr.

Denne hausten skipar BLS (Bygdelagssamskipnaden) til ein stor fest for medlemene i laga. Dette er ein subsidiert fest (BLS bidrar med pengar) for å skape blest om huset vårt i Nordahl Bruns gate 22 og for å skape større samkjensle mellom laga og dermed få auka rekruttering. Mange ungdommar frå Valdres og Osloregionen skal underhalde oss. Dette er to stader det drives godt ungdomsarbeid som fører til rekruttering. Strunkeveka under Jørn Hilme stemner og UFO (Unge Folkemusikere i Oslo) er viktige for framtidig utvikling. Og det er veldig inspirerande å sjå at ungdomen tar opp både spel, dans og den gode norske kulturen. BLS-festen er den 21. september og her må folk møte opp! Si gjerne at du kjem frå Hallinglaget ved påmeldinga. Dagen etter, den 22. september har Hallinglaget både Minikurs og tilskipinga av Folkedanskvelden. Så sett av denne helga til folkeleg kultur i hovudstaden. Dette er eit forsøk på å klare «alt på ei helg»! – så laget håper at folk i laget synes det er ein god idé og stiller opp. Dette for å vise at Hallinglaget er liv laga i enno nokre år!

Hallinglaget i Oslo er faktisk 120 år i år, laget vart skipa så tidleg som i 1899. Noko ekstra jubileumsfest blir det ikkje i år, me får vente (som hallingane seier) til me er 125 år! Leikarringen i BUL er 100 år i år, og dei feirar jamt og trutt heile året! Sjølve jubileumsfesten er same helga som Helgekuset vårt, laurdag 26. oktober. Her vil deltakarane på kurset få eit tilbod om å bli med på denne festen. Spesielt tilreisande til kurset vårt set pris på ekstra tilbod den helga dei er i byen. Det har vore eit godt samarbeid mellom Hallinglaget og BUL i mange av desse åra. Meir info. vil kome om tilskipingane, så følg med på e-post og sosiale media. Hallinglaget planlegg også noko ekstra moro på juleavslutninga vår den 4. desember. – det å få til den gode hallingstemninga er livgjevande for utflytte hallingar og andre i den stressande førjulstida. Men før det blir det mange gode øvingskveldar med særskilt godt dansespel.

Merk dykk at både hallingspringaren og hallingspel er populært i Oslo, så det blir ei heil helg med folk frå Hallingdal på Riksscena som skal aktivere oss denne hausten (4.-5. oktober).

Så følg med på kva som skjer og bli med og dans i haust !

Kjenner du nokon som er interessert i dans så få dei til å bli med på eit kurs ...

**Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!**

*Beste helsingar  
frå Terje Grangård,  
Leiar i Hallinglaget*



Sty

ret 2019-2020: Frå venstre Terje Grangård, Gro Sissel Taraldrud, Heidi Wie, Berit Grøtt Ellefsen, Else Mohn og Åsmund Fauske Jøtun.



Hal

linglaget dansa oppi Ekebergåsen 22. mai.. Fotograf: Knut Utler.

## Dansing i Hallinglaget til no i 2019

Dette året har vore eit overveldande godt danseår så langt, og hausten har starta opp på beste måte. Mange av øvingane i vinter/vår hadde rekorddeltaking og best av alt så har det kome fleire ungdomar enn før. Litt statistikk kan være nyttig, som viser kor mange som møtte opp på øvingane i vårsemesteret:

16. jan.	30. jan.	13. feb.	13. mar.	27. mar.	10. apr.	24. apr.	8. mai
13	15	8	10	22	24	20	22

Som ein ser skjedde det noko ved påsketider! Om det var utlegga på Facebook som gjorde det, eller gnistrande spel ved Åsmund Fauske Jøtun, Ulf-Arne Johannessen, Atle Haugen og Ola R. Imset veit eg ikkje – men eg føler at dans har fått auka interesse blant folk siste året.



*Det har vore særskilt god stemning rundt kaffibordet på øvingane dette året. Det er moro at så mange finn vegen til Nordahl Brunsgate på onsdagskveldene. Fotograf: Terje Grangård.*

Underteikna var også tungt med i eit PR-stunt i Ekebergåsen, ved Munch-punktet den 22. mai. Det var mykje arbeid med førebuingane og eg fekk jobben med å få tak i dansarar! Ja, korleis få på plass ein heil gjeng som skulle danse hallingspringar, telespringar og gamaldans oppe i Ekebergåsen på ein vanleg onsdag i mai!

Dansinga var heldigvis på ein onsdag, dagen vår, og initiativtakar Bjørn Asheim og eg arbeidde iherdig og systematisk med å drive PR for opplegget. Eg var redd for at folk vart lei av maset mitt, men heldigvis stilte mange av dei unge opp så me vart heile seks par som dansa hallingspringar på «dansarsteinen» ved utsiktpunkt Skrik i Ekebergparken. Det var akkurat passe mange og ingen ramla ned – her var me som tenkte på HMS litt engstelige.

Telelaget skulle danse teledans til hardingfele, og dei imponerte og klarte å samle fire par som dansa ekte teledans til bra felespel ved Elizabeth Gaver. Me som dansa hallingspringar dansa etter toraderspelet til Bjørn Aasheim. Det var også andre gode spelemenn som stilte opp slik at det vart dansa gamaldans der mange var med. Det vart ein artig avslutning då det var fire ungdomar som kunne danse laus, Elizabeth spelte opp ein god laus som gleda alle dei som hadde møtt opp (20-30 stk.). Det er få ting som slår lausdans som reklame for dans og moro.



*Hallingspringar på dansarsteinen, to par med bunad – me dansa tre springarar der me bytta partner etter kvar dans. Dei med bunad er: Solfrid N. Gjeldokk, Simon Hesselberg Løvald, Gro Sissel Taraldrud og Terje Grangård. Fotograf: Knut Utler.*

For Hallinglaget stilte desse opp i Ekebergåsen: Gro Sissel Taraldrud, Solfrid N. Gjeldokk, Hilde D. Nordlid, Alix Cordray, Ingrid Skrindo, ei jente til frå BUL, Simon Hesselberg Løvald, Mattias Thedens, Svein Aasen, Åsmund Fauske Jøtun, Kjetil Meberg Myhren og Terje Grangård. Theresa Fett var programleiar og dansa med i gamaldansen. Hallinglaget takker alle som møtte opp og gjorde denne kvelden minnerik og artig. Bileta og videoane vart så gode som me drøynte om, så no har me materiale for PR-arbeidet framover.

Etterpå hadde me alle ei velfortent samling på Ekebergrestauranten der BLS spanderte ein forfrisking på dei som stilte opp. Det var ein god idé, det var så godt å sitte ned og være fornøgd med at operasjon Ekeberg var vellykka gjennomført!



*Ein sær nøgd gjeng etter PR-stuntet i Ekebergåsen. Ekebergrestauranten sørga for langbord!*

*På venstre side: Simon, Solfrid, Mathias, ?, Elizabeth, Arna ...*

*På høgre side: Ingrid, Kjetil, Terje, Åsmund, Hilde ...*

*Bildet vart lagt direkte ut på Facebook-sida vår «Hallinglaget i Oslo».*

Etter denne hendinga var me så varme i trøya at me ville stille på Buskerudkappleiken som gjekk saman med Folkedansveka på Ål helga etter. Underteikna opplevde noko gledeleg: Åsmund, Simon og Solfrid sa: berre slapp av og still opp så skal me ordne med spelemann og folk til Lagdansen! Fantastisk! Og då var det spannande å kome til Ål og oppleve alle dei gode danserane, tidlegare og noverande dansarar i Hallinglaget som verkeleg gav det gode laget frå Hugnadsheim på Torpo konkurranse.

Igjen takk til Åsmund, Simon og Solfrid som melde Hallinglaget i Oslo på til Lagdans på Buskerudkappleiken under Folkemusikkveka på Ål. Veldig bra at me klarte å stille lag – heile seks par dansa ein hallingspringar på scena i Ål Kulturhus til gnistrande dansespel ved Øyvind Brabant! Det var ei oppleving, også det å øve i den fine og romslege Skålen dei har bak scena på Ål. Ein stor takk til dei som dansa: Åsmund Fauske Jøtun og Hilde Kirkebøen, Simon Hesselberg Løvald og

*Ingunn Stræte, Solfrid Nestegard Gjeldokk og Sebastian Namork, Jon Bugge Mariussen og Silje Risdal Liahagen, Mathias Thedens og Levina Storåkeren, Terje Grangård og Mari Nustad.*

Laget fekk ein fin 2. plass to poeng etter laget som vant, Hugnadsheim United med heile 8 par med kremen av dansarar frå Hugnadsheim på Torpo!

Dette var god reklame for Hallinglaget, me fekk vist oss fram på ein god måte. Så mange ungdommar som dansa så det begynner å gå gjetord om det gode dansemiljøet me har fått til i hovudstaden. Det neste blir nok at me stiller på Oslokappleiken 16. november. Blir du med?

*Terje*



*Ei fin avslutning på dansinga i Ekebergåsen, for ein laus gjer seg alltid godt!*

*Elisabeth Gaver frå Telelaget spelte og desse fire sporty karane gjorde at dei frammette fekk ei ekstra oppleving! Frå venstre: Åsmund Fauske Jøtun, Kjetil Meberg Myhren, Mathias Thedens og Simon Hesselberg Løvald med ryggen til. Fotograf: Knut Utler.*

## Hallingbu

Det er haust att og nokre fine turar har det vore te Hallingbu i løpet av våren og sumaren, samt at me har fått satt i stand eit par ting på hytta.

Gassapparatet hadde begynna å fuske og slangen var gamal så Terje bar opp nytt kokeapparat med tre bluss, ny slange og kobling, så da skal det vere trygt å stelle mat på Hallingbu.

I juni hadde me ein triveleg spikjikjøttur med som alltid mykje god spikjimat! Me blei ikkje så mange dette året, men me som tok turen; Heidi, Svein, Hilde, Trond og Else hadde ein god kveld og ettermiddag og satt lenge inne med fyr på peisen, som ikkje røyk i det heile tatt.

Den gamle Jøtulovnen har au blitt bytta ut med ein tilsvarende ny og det blei litt av eit løft gjennom skogen. Takka vere godt med musklar og ikkje minst positivitet og pågangsmot frå Terje, Trond og meg blei den nye ovnen, godt pakka på ein pall, stroppa fast og trilla frå Sinober te Hallingbu på Terjes gode sakketralle, og den som har gjenge den vegen veit at det ikkje akkurat er noko E-6 det er snakk om her.!



Gleda var stor då me hadde fått ovnen inn til Hallingbu. Else og Trond smiler glad og letta!

Så blei det prata litt att og fram om kor viktig utskifting av den gamle ovnen eigentleg var, men me har kommi fram te at den gamle ovnen var sliten. Den hadde ein sprekt innvendig plate som Terje tidlegare har forsøkt lappa på med ovnskitt, antakeleg har plata sprekt pga for hard fyring, så også den eine sida som bula ut, det er å tenke på med den nye: ikkje sprengfyre! Me fekk frakta den gamle same vegen tilbake og da Terje kasta ho på Avfallsmottaket på Smestad sprakk heile ovnen,

så da var det nok tida for ein ny ovn som har framtida for seg. Kanskje me no slepp feiring av pipa seint og tidleg – me håper no på det – for me har sendt søknad til Nittedal kommune at me ikkje ser for oss at me klarer å montere takstige og feieplattform som vil halde på det gamle bølgeblitktaket.

Eit par veker seinare drog Terje, Michel og Simon opp på Hallingbu for å montere opp ovnen. Det blei mura i sprekker og skar i pipa bak ovnen før den nye rørstussen kom på plass og med meir mur rundt denne.

Ovnen passa perfekt og da Michel fyra opp i den dagen etter både virka og trakk den bra- og det i 30 sumar-plussgrader.

Så håper me at enda fleire har lyst te å oppleve Hallingbu og Lillomarka, for «hus trenger folk» som det heter. Terje kan fortelle frå tidligare tider då det ikkje stod så godt te:

*«Du skulle sett Hallingbu då me “fant” den att i 1984, då hadde ingen vore der på 7-8 år! Det var eit trist syn – så me har faktisk klart å redde hytta so langt med små ressursar!»*

God haust, og det med ein skog full av sopp og bær og den finaste hytte oppe på haugen, så heldige me er i Hallinglaget.

*Else*



Ein kan finne både molter, blåbær og tyttebær på Hallingbu, og sopp sjølv sagt om ein kjenner til dei sikre soppane! Kantarellar, traktkantarell, fåresopp, piggsopp, steinsopp, brunskrubb etc.

# Hallinglaget i Oslo – Hausten 2019

## Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

### Det er springardansing desse onsdagane:

28. aug. Springarøving kl. 19.00. -  
11. sep. Springarøving kl. 19.00. -  
25. sep. Springarøving kl. 19.00. -  
9. okt. Springarøving kl. 19.00. -  
23. okt. Springarøving kl. 19.00. -  
6. nov. Springarøving kl. 19.00. -  
20. nov. Springarøving kl. 19.00. -  
4. des. Juleavslutning m/ masse dans og mat kl. 19.00 – 22.00

### Andre viktige hendingar dette halvåret:

**Laurdag 21. september kl. 18.30 – 24.00: BLS fest med alle Laga!**

Variert program der mange laga syner kva dei driv med.  
Gjesteartister frå Valdres og særskilt godt dansespel.

**Sundag 22. september: FOLKEDANSKVELD med Hallinglaget**

**Kl. 18:00 : Minikurs i hallingspringar!**

Instruksjon ved: Eirik F. Luksengard, A-klassen dansar frå Ål.  
Gnistrande dansespel ved: Åsmund Fauske Jøtun frå Gol.

Kl. 19.30: Folkedanskveld med meir dans og moro.

**26. og 27. oktober: Stort helgekurs i Hallingspringar!**

**Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.**

Instruktørar: Super instruksjon ved Knut Skrindo, A-klassen dansar frå Oslo  
og Sina Myhr, A-klassen dansar frå Torpo i Ål.

Dansespel ved Åsmund Fauske Jøtun frå Gol.

**Pris: kr 500,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen! Møt opp!  
– dans deg glad og bli ein betre dansar!**

(NB! Pris for studentar og ungdom under 23 år: 300 kr).

**Helga 7. - 10. november: Helga då mykje skjer!**

**Folkelarm og Oslo-kappleik på Riksscena!**

**Hallinglaget ynskjer å delta på Lagdansen, så møt opp og dans i haust!**

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**

Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

### **KONTAKTPERSONAR:**

Terje Grangård (48 20 46 52), ([grangard@online.no](mailto:grangard@online.no))

Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), ([beritsatelier@hotmail.no](mailto:beritsatelier@hotmail.no))

Else Mohn: (95 87 92 70), ([helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com))

## STORT HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

**26. - 27. oktober,**  
**med Knut Skrindo, Sina Myhr og Åsmund Fauske Jøtun.**



Laurdag: 26. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 27. oktober, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

### Instruktørar:

**Knut Skrindo**, A-klasse dansar frå Oslo som òg er Landskappleikvinnar! Har sjølvstudert dansen i Ål!

**Sina Myhr**, særskilt god A-klasse dansar frå Torpo/Ål.

### Spelemann:

**Åsmund Fauske Jøtun** frå Gol på hardingfele.



**Mat:** Det blir ei god matpause, der alle i Styret vil sørge for dugurdsmaten.

**Pris:** Kr. 500,- for kurset, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen!

Superpris for ungdom som vil danse: kr. 300,- (under 23 år).

**Påmelding:** så snart som råd, og helst innan 19. oktober for planlegging av mat og anna.

**Så meld dykk på:** E-post til: [grangard@online.no](mailto:grangard@online.no) eller SMS til 482 04 652.

Me gjentar suksessen med desse instruktørane frå i fjor så meld dykk på og blir ein betre dansar!

**Knut Skrindo er A-klasse dansar og vant Dans Hardingfele på Geilo saman med Sissel Rudningen i 2007.** Knut har vore Danseleiar i Hallinglaget dei siste åra og har halde ei rekke kurs i hallingspringar. Hallinglaget er svært glad for at Knut vil halde dette kurset for han er ein særskild pedagog (han er lærar på Katedralskolen her i Oslo). Så møt opp, og ein vil finne ut at eit kurs i hallingspringar gjer ein til ein betre dansar – uansett dans!

**Sina Myhr, A-klasse dansar frå Torpo/Ål,** Sina er ei av dei beste dansejentene som har lært seg kunsten på Hugnadsheim. Ho har dansa seg opp i A-klassen med Eirik Fuglesteg Luksengard og dei dansa i år i Vågå og dei fekk heile 88 poeng og 6. plass! (A-klasse kravet er 75 poeng!). Sina vil syne jentedansen særskilt godt; ho er ei av jentene som kan danse og svive på ein slik måte at ein blir fyllt av undring og ho kan forklare kva ho gjer!

**Åsmund Fauske Jøtun** vil sørge for særskilt godt dansespel. Åsmund flytta til Oslo og vart med i Styret i Hallinglaget dette året og han gler oss med godt dansespel både tida og ofte! Han får det til å rykke i dansefoten så her vil dansen gå av seg sjølv over glatte golv!

## Hallinglagsnytt

- Fyrst ein særskilt gledeleg nyheit, eit par som har vore medlemer i Hallinglaget i mange år og har dansa mykje med oss gifta seg den 17. august i år i fine lokalar i Parkvegen bak Slottet. Det var våre kjære medlemer Theresa Fett og Ragnar Boye. Dette må forevigast med eit bilde. Dei reiste på ein bryllaupstur til Austri etter dette og me håper at dei fortsatt vil ha tid til å vitja Hallinglaget like mykje som før dei var gift! Theresa og Ragnar har vore særskilt gode å ha under tilskipinga av Folkedanskveldar vår og haust, dei er meisterlege til å lage vaffelrøre og til å steike gode vaflar som alle som kjem set stor pris på.



Hurra for Theresa og Ragnar som gifta seg 17. august i år. Hallinglaget gratulerer!

- Den neste nyheita er både trist og glad! Vår særsgode dansar Simon Hesselberg Løvald har bestemt seg for å studere minst to år i Tyskland! Nærmore bestemt i byen Kaiserlautern, ikkje så langt unna Hamburg. Simon skal studere integrerte datasystemer og etter det vil han bli attraktiv på arbeidsmarknaden i alle land! Eg sender ham varme tankar med ein stor takk for store danseopplevelingar på mange golv dei siste åra. Etter at eg fekk han med til Folkemusikkveka på Ål for 6-7 år sidan har han blitt ekstra glad i hallingspringaren. Han har delteke på Landskappleiken med Ingunn Stræte utan å få A-klasse status (eg veit ikkje om nokon utanfor Hallingdal som har det heller). Simon har halde gode kurs i hallingspringar her i Oslo, og ingen ikkje-halling dansar hallingspringar betre enn ham. Simon har klart å bli A-klasse dansar i Laus/Halling – og det er her han får dei beste oppdraga, både i å halde kurs og å danse i inn- og utland. Siste veka i august i år var Simon med på Spasskova Military Tattoo festival og dansa kvar dag på den Raude Plass i Moskva! Og som eg skreiv på Facebook til han: «Dette må være toppen av karrieren? I alle fall dette året!» Eg beundrar dansegleda til Simon, han dansar med ekte glede kva han enn dansar og me kven. Me andre har mykje å lære av ham. Hallinglaget kjem til å sakne han veldig. Simon er absolutt ein av kandidatane til utnemninga «Dancer of the Year 2019» i Hallinglaget. Så no må me andre stå på med dansinga utover hausten.




*Simon blir i Tyskland eit par år no, og har gyldig forfall frå øvingskveldane framover!*

- Ei anna gladnyheit: Vår venn og støttespelar Olav Thon gifta seg i juni med sin kjære samboar gjennom mange år Sissel Berdal Haga. Hallinglaget fekk sendt eit gratulasjonskort der laget (og eg) ynskte dei til lykke med giftarmålet! Sett slik, to bryllaup på eitt år er ikkje kvardagskost i Hallinglaget. Me synes det er veldig gledeleg at folk slår seg saman i vaksen alder.



*Olav Thon og Sissel Berdal Haga gifta seg på Bristol Hotell i juni. Hallinglaget gratulerer!*

- Ei trist nyhende i sommar var at Sigmund Sveinhaus, vår medlem og støttespelar gjennom mange år gjekk bort.



### **Sigmund Sveinhaus**

**Født:** 26. januar 1931 - **Død:** 18. juni 201

Sigmund ble bisatt fra Vestre gravlunds kapell fredag 28. juni i år.

Sigmund Sveinhaus vart fødd i Hol og var leiar i Hallinglaget frå 1956-1958 og frå 1961-1962. På den tida var det ikkje vanleg at folk var leiar i fleire år, så det vitnar om at Sigmund var svært glad i Hallinglaget og Hallingbu og såg betydninga av lagsarbeid for utflytta hallingar.

Sigmund arbeidde elles i mange år som lektor ved Sandaker vidaregåande skule i Oslo og han og kona Randi (født Moen ifrå Rukkedalen i Nes) budde sentralt på Majorstua i Oslo.

Gjennom mange tiår var Sigmund og Randi svært oppteken med hagebruk så dei fekk etter kvart ein sær fin parsell og hytte i Solvang Kolonihage på Sogn. Underteikna hadde gleda av å vitja dei nokre gonger der. Dei laga faktisk til eit sær fint selskap, for minst ti frå Hallinglaget, der vår spelemann Ola R. Imset spelte hardingfele. Her vart me alle traktert på beste måte. Alle følte seg sær velkomne og praten gjekk lett om mange saker. Hallinglaget takkar for innsatsen og minnes Sigmund i takksemd for hans bidrag for laget. Laget ynskjer også at Randi skal få mange gode år vidare sjølv om ho no sit aleine att.

## Bien, blomen og bonden på same lag?

Det burde dei vere, men slik er det ikkje alltid. Mange bønder sprøyter jordene med sprøytemiddel som drep det meste av duftande blomar som insektene elskar. Attende står det grøne saftfulle og kraftige graset som gjev bonde store avlingar og inntekter. Men biene og humlene sit att med «tomme talika». Blomane er borte, pollenet og den duftande nektaren er fordulta. Ikkje så rart at villbiene i Norge slit om dagen, av dei 207 artane villbier er ca 60 på raudlista.



Kva skal me med alle desse villbiene og humlene? Desse insekta er viktige ved at dei i iveren etter å finne mat inne i blomen, utan å vite det sjølve, tek med seg pollen frå ein blome til den neste. Dei er

effektive og ganske så treffsikre. Slik unngår blomane at det vert inneavl. Villbiene flyg frå ein blome til den neste, og forhåpentlegvis era dei ikkje i slekt med kvarandre. Pollenet vil etter kvart spire i blomen og produsere sædceller som befruktar eggcellene og vips få me ein ny blomsterbaby, eit frø.

Og frø vil me menneske gjerne ha. Tenk på bonden som innimydljo skal fornye enga si- då treng han raudkløver og kvitkløverfrø. Det same gjer grønnsaks- og fruktboender som begge treng frø når det skal plantast. Er du ein av dei som likar å plukke bær om hausten, til dømes blåbær og bringebær? Då bør du spele på lag med humlene. Dei pollinerer blomane no på våren/sommaren og resultatet ser me i bærpelaren til hausten.

Her kjem nokre enkle råd til dei som ynskjer å spele på lag med villbiene og humlene:

- 1) La utkatanne få stå når du haustar gras eller klypper plena. På seinsommaren, når blomane har sendt sine håpefulle frø ut i den store verda, kan du med fordel ta ein slått, slik at det ikkje gror heilt til.
- 2) Pass på at du ikkje gjødslar utkantane eller brenn bråtebrann her. Hvis du gjødslar, bli plantdekk for tett, og mange av dei gode nektarproduserande blomane forsvinn ut av enga. Ikkje brenn det gamle graset, fødnien, om våren. Då vil gamle musereir gå opp i røyk, men humlene elskar å bu i gamle musereir!
- 3) Rydd utkantane for skog og kratt, men la det ligge att noko trevirke her og der. Når dette råtnar, kjem insektsbillene og borer gangar i treverket som villbiene kan leggje egg i. Ganske fine samspel mellom artane, altså!
- 4) Vern om treslaget Selje. Dette treslaget blomstrar tidleg om våren når det er manko på mat for villbiene. Alle kjenner «gåsongane» som er hanblomane til Selja og som gjev villbiene ein kjærkomen matbete i vårknipa.

*Olav Arne Løstegaard  
Bonde og insektsven*

## MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag 22. september i Halli kl. 18:00

Her har alle den store mogelegheten til å få ein god gjennomgang av hallingspringaren, samt få dansa mykje i den kjempefine salen Halli, som har det beste dansegolvet i hovudstaden.

Instruksjon frå 18:00-19:30 ved **Eirik Fuglesteg Luksengard**, A-klasse dansar i springar og laus frå Ål som no arbeider som lærar i Oslo.

Dansespel frå 18:00-19.30 ved **Åsmund Fauske Jøtun**, hardingfelepelar og dansar frå Gol som er styremedlem i Hallinglaget, lærar i Oslo og som arbeider med masteroppgåva si samstundes.

Her kan alle få friska opp/prøvd seg på hallingspringaren! Dette kurset passer både for nye og røynde danserar. Etter dette minikurset kan ein danse vidare på Folkedanskvelden som vil vare frå 19:30-22:30. **Inngangspengar: 130 kroner (80 kr. for studentar) som gjeld for heile kvelden,**

Etter eit slikt kurs er ein meir enn klar for øvingskveldar i Hallinglaget (sjå bilde). Her kan ein også få litt instruksjon og ein lærer best ved å danse med folk som har dansa før! Og i Hallinglaget bytter me dansepartner ofte – det er då ein lærer best!



Frå ei springarøving i Hallinglaget hausten 2018. Dansen går over glatte golv!

Frå venstre: Else og Edvin, Jette og Johnny, Therese og Svein, Gro Sissel og Simon, samt Åsmund og Ingrid. Elles skimtar ein Ragnar som står og Bjørn som sitter, så dette er ei av dei skjeldne øvingane der det var fleire menn enn kvinner! Fotograf: Terje Grangård.

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2019**

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 380,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 200,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ved fyrste sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng pengar for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, med **Vipps** kode: **48034943**

---

### **Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:**

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
  - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
  - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
  - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
  - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
  - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
  - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
- 

### **Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.**

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

---

### **Hallinglaget i Oslo**

Webside: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Facebook: **Hallinglaget i Oslo**

# TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 2. HALVÅR 2019

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<u>September '19</u>		
01.	Folkedansnemnda / Eiker spellemannslag	Norsk tango
08.	Hordaringen / Østerdølene	Rørospols
15.	Symra /Symradern og Att og Fram	Fransese
22.	Hallinglaget / Bærum spelemannslag	Hallingspringar
29.	Sogn og Fjordaneringen / Golaget	Boda
<u>Oktober '19</u>		
06.	Valdreslaget / De Frilynde	Folkeswing
13.	Numedalslaget / Farande Fant	Folkeswing
20.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnskogspols
27.	SF-ringen / Dølalæte	Bingsjø
<u>November. '19</u>		
03.	Oslo Songdanslag / Tonje og Stein Magne	Folkeleg menuett
10.	Symra / Steinsgårdskroken	
17.	SF-ringen / Bærum spelemannslag	Boda
24.	Symra / Farande Fant	Samværdsans
<u>Desember '19</u>		
01.	Hordaringen / Elise T med venner	Springleik
08.	Folkedansnemnda / Østerdølene	

**Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt. 22 i Oslo.**

**Inngang Folkedanskveld:** Medlemmer kr 100,- / ikkje-medl. kr 130,- / Studentar kr 50,-

**Inngang Minikurs:** Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 130,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld! Berre kr. 80,- for studentar**

**Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!**

**Meir info.: sjå [www.bl.no](http://www.bl.no)**

# **Styret i Hallinglaget 2018–2019**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@online.no">grangard@online.no</a>
<b>Nestleiar:</b>	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: <a href="mailto:beritsatelier@hotmail.com">beritsatelier@hotmail.com</a>
<b>Kasserar:</b>	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: <a href="mailto:gst@cultura.no">gst@cultura.no</a>
<b>Skrivar:</b>	Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: <a href="mailto:heidi.wie@asker.kommune.no">heidi.wie@asker.kommune.no</a>
<b>Medlemer:</b>	Else Mohn Reshjemvegen 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
	Åsmund Fauske Jøtun Steintrøa 31, 3550 Gol	Tlf: 938 33 229-mobil E-post: <a href="mailto:asmundjotun@gmail.com">asmundjotun@gmail.com</a>

---

## **Bladstyre for Hallingljom:**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf: 482 04 652 E-post: <a href="mailto:grangard@online.no">grangard@online.no</a>
---------------	--	---

**Medlemer:** Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

## **Hyttestyre for Hallingbu:**

<b>Leiar:</b>	Else Mohn Reshjemveien 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
---------------	--	---

**Medlemer:** Michel Gascoin og Trond Roseth.

**Danseleiar:** Knut Skrindo Tlf.: 413 12 790

**Revisor:** Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

**Valnemnd:** Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

## **Hallinglaget på nettet:**

Nettadressa er: [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net) Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård  
Sjå også: [www.bls.no](http://www.bls.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com) og [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no).

Hallingbu



{P}{B}

32%